

Vestland fylkeskommune, kartlegging universell utforming Rapport for Tysneshallen

Utgangspunktet for denne rapporten er Vestland fylkeskommune sitt oppdrag med å kartlegge sine bygg opp mot krav til universell utforming.

Eigedomsavdelinga i Vestland fylkeskommune har behov for ein status på universell utforming for alle skular og tannklinikkar, og skal kartlegge status ihht. krav i TEK 17.

Tilsvarande har avdeling Kultur og folkehelse eit behov for å kartlegge kommunale idrettshallar med tilhøyrande klubbhus på vegne av ein del kommunar.

Kartlegginga skal i hovudsak avdekke avvik, men for avdeling Kultur og folkehelse er det også ynskjeleg med forslag til avbøtande tiltak der dette er forholdsvis enkelt å få til.

Resultatet av kartlegginga skal registrerast i Revizto, som er ein av oppdragsgjevar sine programplattformer for blant anna BIM-samarbeid.

Arkitektfirma Jon Vikøren as har utført kartlegginga for Vestland fylkeskommune, i samsvar med konkurransegrunnlaget for oppdraget samt konklusjonar gjort i Teamsmøter med repr. for VLFK i forkant av synfaringar.

Kartleggingsmetodikk

Utgangspunktet for utarbeiding av metodikk for kartlegginga har vore å lage eit system som skal gjera det enkelt å hente ut rapportar i Revizto for aktuelle tema / avvik som ein ynskjer å få oversikt over.

Kartlegginga er detaljert på eit nivå som gir god oversikt over kva avviket omfattar, samt nivå på avviket (lite / stort avvik).

Dette gjer at Revizto vil fungere som eit godt verktøy både for eigar og for brukar av bygget, for å avdekke spesifikke problemstillingar i samband med universell utforming.

Bruken av Revizto gjer at UU-kartlegginga blir eit levande dokument, der avvik som blir utbetre kan fjernast frå Revizto, samt at ev. nye / uoppdaga avvik kan supplerast fortløpande.

Nivå på kartlegginga er gjort ut frå konklusjon om å ta utgangspunkt i TEK 17 sine spesifikke krav til universell utforming i byggeprosjekt.

Mange av bygga er av eldre dato som ikkje er i samsvar med dagens krav til universell utforming, og det vil vera for omfattande og krevande målsetting at alle bygg skal kartleggast i samsvar med absolutt alle krav til universell utforming i TEK17.

Kartlegginga av bygga har teke utgangspunkt i krava til universell utforming i TEK17 når det gjeld dei overordna tilhøva **utomhus** og **innomhus** vedrørande:

Tilkomst / framkommelighet.

Orientering.

Kartlegginga blir registrert i Revizto i form av stempel og tags.

Namn på stempel indikerer kva avviket gjeld, medan tags'ene gir ei meir detaljert beskriving av innhald og nivå på avviket.

Stempel er delt inn i tre hovudkategoriar: **uteareal, bygning og generelt.**

Uteareal gjeld uteoppfallsareal, gangtilkomst, hc-parkering og funksjonar i uteareal, medan bygning gjeld rom/funksjonar og kommunikasjonsvegar i bygning.

Generelt er stempel som er meir generelle og kan nyttast på tvers av ute/inne og rom/funksjonar.

Sjå vedlagte lister/oversikt over kvar av desse tre kategoriane.

Desse tre listene fungerer som sjekkpunkt under synfaringa / kartlegginga.



Sjekkliste for bygning inneheld også ei utfyllande sjekkliste for idrettsbygg / idrettshallar, som er tilpassa søknad om tilskot. Slikt tilskot har noko høgare krav til UU enn TEK 17.

Kvart avvik vert registrert med eit stempel, tags'ene utdjupar kva avviket gjeld samt nivå på avviket.

Nivå blir delt inn i tre kategoriar: manglar, stort avvik, lite avvik.

Stempel er fargelagt i samsvar med nivå på avvik:

Blått stempel: manglar

Raudt stempel: stort avvik

Gult stempel: lite avvik

Grønt stempel: indikerer at det ikkje er gjort kartlegging pga ikkje tilgjengeleg rom, pågåande arbeid, mm.

Generelt om bygget og kartlegginga av Tysneshallen

Byggeår: 2004

Byggeigar: Tysnes kommune

Synfaring/kartlegging utført: 01.06.2026

Omfang: Utomhus og innomhus

Uteareal

Uteoppholdsareal:

Kartlegginga av utearealet til Tysneshallen omfattar gangtilkomst til idrettshallen frå parkeringsplass.

Uteområdet er i all hovudsak eit asfaltert område. Det er ikkje avmerka parkeringsplassar, verken hcp-plass eller anna p-plass, men det er plass til dette der vi har stempla UHCP på situasjonsplanen inne på Revizto: langs nordvest-fasaden vest for hovudinngangen.

Som nemnt er uteområdet asfaltert, og det manglar visuell og taktil avgrensning av gangtilkomst til hovudinngangen.

Forslag til tiltak:

- Hcp-plass: Etablere 1-2 plassar, merke opp asfalten med rett størrelse samt etablere skilt. Dette er eit enkelt tiltak med låg kostnad.
- Ledelinje: Etablere ledelinje frå hcp-plass til hovudinngang. Dette er eit middels tiltak med middels-høg kostnad.

Bygning

Kartlegginga omfattar heile bygget, 1. etg. og 2. etg.

Planteikningar som er nytta som grunnlag for kartlegginga, og som ligg inne i Revizto med stempel/tags, er oversendt frå Tysnes kommune.

Plan 1. etg. manglar innvendige vegger i garderobedelen, noko som gjer planen vanskelegare å lesa.

Vi har lagt ut stempel så godt som det let seg gjera, men det vil vera ein fordel om planteikninga kan skiftast ut med tilsvarande plan der desse innvendige veggane også er synlege.

Inngangsparti:

Hovudinngangen har stort avvik i høve fri bredde på hovuddørblad i begge dørene til vindfanget. Ytterste døra har også eit lite avvik i høve trinnfriheit/terskel.



Det er også stort avvik på døråpningar, då desse er lite synlege både visuelt og taktilt.

Dei to søylene utanfor hovudinngangen er vurdert til å ha eit lite avvik i høve kontrast, tilsvarende gjeld for søylene utanfor inngangen ved rom 138 aktivitetsrom/musikk.

Denne inngangen har eit lite avvik i høve horisontalt felt utanfor inngangsdør, då dette har ei svak helning utover. Døra i denne inngangen har stort avvik i høve fri breidde, åpningskraft og trinnfritt/terskel, samt at det også her er brytar innvendig for opplåsing av dør, som er lite synleg.

Det er etablert ein eigen inngang til biblioteket, kalla "meiroppe", som brukarar kan nytte utanom biblioteket sine åpningstider. Det er etablert ei kort, bratt rampe til denne døra, noko som gir stort avvik i høve trinnfritt tilkomst samt horisontalt felt utanfor døra.

Adkomstsona innanfor hovudinngangen manglar både skilting / informasjon til ulike deler av bygget, samt etasjeskilting. Det er heller ikkje ledelinjer til viktige funksjonar i bygget, som trapp, heis, hcwc og informasjon. Tilsvarende manglar er påpeika også innanfor inngangen ved aktivitetsrom/musikk.

Kommunikasjonsveg:

Korridor langs garderobar er stort sett ok, bortsett frå lite avvik i høve korridorbreidde/snusirkel på to plassar samt varierende grad av skilting til rom.

Hcwc, wc og dusj

Instruktør-garderobar, samt to av garderobane manglar hcwc. Dei to andre garderobane har hcwc med stort avvik på fleire punkt: kontrast golv-vegg og utstyr-vegg, snuareal, hc-servant, hc-handtak på dør, handstøtte. Vanlege wc har stort avvik på kontrast golv-vegg og kontrast utstyr-vegg, dusjrom har stort avvik på kontrast golv-vegg.

Dusj i instruktør-garderobar har stort avvik på størrelse på dusjen

Rom og opphaldsareal:

Både i garderobar og i dusjrom er det stort avvik for likestilt utstyr med knaggerekkjer høgt på vegg, det er registrert lite avvik på djupna på benkar i høve krav til tilskot.

Rom 106 Kjøkken har stort avvik i høve likestilt utstyr, då kjøken manglar tilpassa innreiing.

Inngangssona til garderobar har stort avvik i høve snuareal, som gjer det vanskeleg for person i rullestol å koma inn til garderoben.

I 2. etg. er det store avvik på likestilt deltaking i bowlingbane, samt at det er stort avvik på snuareal framom tribune.

Heis og løfteplattform:

Heisen var ute av drift og er difor ikkje kartlagt innvendig. Heisdør har stort avvik i høve kontrast.

Trapp:

Kartlegginga har teke for seg hovudtrapp i kafeteria/vrimleareal, trapp frå tribune og ut, samt trapper i tribune.

Alle trapper manglar farefelt og oppmerksomhetsfelt, samt at det manglar eller er stort avvik på trinnmarkering.

På hovudtrapp og trapp ut frå tribune, er det store avvik på handlist, medan trapper i tribune manglar handlist på vegg.

Rampe:

I inngangspartiet til bowlingrom er det rampe opp til sjølv bowlinghallen med skranke og sittesone. Rampa manglar markering av start og slutt, samt at det manglar handløparar.

Det er også ein høg kant ved sidan av rampa, som manglar markering (fare, oppmerksomheit, ev. trinnmarkering)



Dører:

Det er mange dører som har stort avvik i høve fri breidde og/eller trinnfritt og/eller åpningskraft. Nokre dører har også avvik i høve sideplass/avstand til innvendig hjørne.

Td. har alle dører frå korridor til garderober m.a. stort avvik i høve trinnfritt, medan dør til hall frå to av gardrobane har lite avvik i høve trinnfritt og dei to andre gardrobane har stort avvik i høve trinnfritt.

Skilt, panel, handtak:

I kafeteria/vrimleareal er det god skilting, men det er lite avvik pga manglande taktil skilting.

I korridor utanfor garderober manglar det skilting av fleire rom.

I kvar ende av hallen er det port med manuell hev/senk, noko som gir stort avvik på betjening av portane.

Skyvedør frå vrimleareal til kjøken har stort avvik på handtak.

Forslag til tiltak:

- Inngangsparti: For å oppnå stor nok fri breidde på hovuddørblad, må eksisterande dører skiftast ut med nye der hovuddørblad har fri breidde på minimum 86cm. Dette vil også kunne løyse avvik i høve trinnfriheit/terskel. Dette er eit middels tiltak med høg kostnad.
Betjeningspanel for døråpnar og dørlås kan enkelt skiftast ut med deksel som har god kontrast til vegg samt at den er taktilt merka, dette har låg kostnad.
Kontrastmerking av søyler utanfor inngangar er eit enkelt tiltak med låg kostnad.
"Meiroppe-inngangen" til biblioteket har ei kort, bratt rampe rett utanfor døra. Ev. tiltak kan vera å etablere fullverdig rampeløysing som ivaretek alle krav. Dette vil krevja noko prosjektering, og vil vera eit omfattande tiltak med høg kostnad.
- Skilting / informasjon i adkomstsona innanfor hovudinngangen, samt skilting av rom i bygget forøvrig: Manglande / dårleg skilting kan ein løyse ved ei einskapeleg skilting i bygget, som inkl. blindeskrift. Dette er eit enkelt tiltak med låg kostnad.
- Ledelinjer: Etablering av ledelinjer innomhus er eit enkelt tiltak med låg løpemeter-kostnad.
- Hwc, wc og dusj: Manglande hwc, eksist. hwc med store avvik på snusirkel og sideplass, samt for liten dusj i instruktørgarderober, vil krevja omfattande tiltak med høg kostnad som også inneber nærare vurderingar og prosjektering.
Etablering av handstøtte til toalett samt hc-handtak på dør er enkle tiltak med låg kostnad.
Manglande/låg kontrast mellom golv-vegg og utstyr-vegg kan krevja omfattande tiltak med høg kostnad, sidan det er flis på vegger og golv. Kontrast mellom utstyr-vegg kan løysast med å skifte ut toalettsete og servant til utstyr med kontrasterande farge, dette vil vera eit enkelt tiltak med låg-middels kostnad.
- Likestilt utstyr: Avvik i høve likestilt utstyr i garderober kan løysast med enkelt tiltak og låg kostnad, ved å etablere knaggerekkjer med høgde max 1,2m og spegel med høgde max 0,8m, samt skifte ut deler av benker med benk med djupn 60cm. Avvik i kjøkken kan løysast ved å skifte ut deler av innreiinga, med hc- tilpassa innreiing. Dette vil vera eit middels tiltak med middels-høg kostnad.
- Likestilt plass: inngangssona til garderober har for lite plass til snuareal. Tiltak kan vera å flytte skiljevegg / veggelement slik at det blir nok plass til snuareal, dette er eit enkelt-middels tiltak med låg-middels kostnad.
Bowlingbana ligg på eit høgare nivå enn pausearealet, utan rampe. Mogleg tiltak kan vera å gjera ei av banene tilgjengeleg via rampe, dette vil krevja nærare vurdering/prosjektering og vil vera eit middels tiltak med middels-høg kostnad.



Skranken i bowlinghallen er for høy. Tiltak vil vera å senke deler av skranken/disken, dette vil vera eit middels tiltak med middels kostnad.

- Trapper: etablering av farefelt, oppmerksomhetsfelt og trinnmarkering er enkle tiltak med låg kostnad. Dette gjeld også høy kant ved rampa til bowlinghallen. Etablering av handløparar er middels tiltak med middels-høy kostnad.
- Ramper: etablering av markering av start og slutt er enkelt tiltak med låg kostnad. Etablering av handløparar er middels tiltak med middels-høy kostnad.
- Dører: For å redusere åpningskraft kan ein forsøke å justere dørpumpe, dette er eit enkelt tiltak med låg kostnad. Alternativ kan vera å fjerne dørpumpe der det ikkje er forskriftskrav, også dette er enkelt/låg kostnad. Omfattande tiltak er å etablere dørautomatikk, dette har høy kostnad. Ved dører med for høy terskel kan enkelt tiltak vera å etablere terskelrampe, som har låg kostnad. Dører med for lite fri bredde, samt dører med for lite sideplass/avstand til innvendig hjørne vil krevja middels-omfattande tiltak for å utvide breidda / flytte døra, alt etter kva vegg døra står i, og kostnad vil vera middels-høy. Det er ikkje alle stader det er mogleg å flytte dør sidevegs.
- Betjening av portar i hallen: Tiltak kan vera å etablere motorisert/automatisk betjening av port, dette er eit middels tiltak med høy kostnad.
- Skyvedør til kjøken: Tiltak kan vera å montere utanpåliggende handtak, dette er eit enkelt tiltak med låg kostnad. NB: ein må sjekke ut at tiltaket ikkje medfører klemfare og/eller for lite fri breidde på dørøpning.

Oversikt over alle avvik og spesifisering av desse er å finna inne på Revizto. Sjekklistene spesifiserer kva som ligg til grunn for stort og lite avvik.

